


NORSK LÆRERAKADEMI LÆRERHØGSKOLEN

UFD
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Dykkar referanse: 200402804

Breistein 08.09.2004

Høyring – forslag til endring i forskrift om opptakskrav

Norsk Lærerakademi Lærarhøgskolen takkar for høve til å gi uttale til *Forslag om endringer i forskrift om opptakskrav til grunnutdanninger ved universiteter og høgskolar § 8 Spesielle opptakskrav*. Vi avgrensar vår uttale til første punkt, spesielle opptakskrav til allmennlærarutdanninga.

Generelt

Innføring av karakterkrav vil føre til at mange potensielle søkerar ikkje får høve til å vise om dei er i stand til å nå dei krava som vert sett til ein sertifisert allmennlærar. Ein stor del av desse søkerane vil kunne komme til å ta anna type lærarutdanning. Dette vil i så fall svekke allmennlærarutdanninga og på sikt føre til at andelen av allmennlærarar i grunnskulen går ned. Slike konsekvensar kan vi ikkje sjå er drøfta. Vi kan vidare ikkje sjå at det er gjort greie for forsking som viser kva samanheng det er mellom karakterpoeng ved inntak til lærarutdanning og kvalitet på sertifiserte lærarar. Det er derfor usikkert kva effekt dette tiltaket vil ha. Vi meinar derfor at konsekvensane av den nye ordninga må utgreiaast nærmere før ordninga vert vurdert innført.

Modellar

Skal ein ha karakterkrav ved inntak til allmennlærarutdanninga, vil det vere naturleg å knyte dei både til fag som er obligatoriske i lærarutdanninga og til poengkrav på bakgrunn av alle fag. Det vil etter vår mening vere heilt uaktuelt å innføre dei strengaste krava, særleg med tanke på utilsikta konsekvensar som vi peiker på i avsnittet over. På den bakgrunn er Alternativ 6 etter vår mening det beste alternativet.

Konklusjon

Særleg fordi ordninga vil gjelde berre for allmennlærarutdanning, og ikkje andre typar lærarutdanning, tilrår vi at konsekvensane av den nye ordninga må utgreiaast nærmere før ordninga vert vurdert innført. Dersom det likevel vert innført no, tilrår vi at Alternativ 6 vert valt.

Svenning Børke
Fung.rektor